**Partia Ap, KrF, Sp og SV legg med dette fram endringar til rådmannen sitt budsjettframlegg for 2019.**

Hordaland fylkeskommune har ein krevjande økonomisk situasjon og inntektene frå staten syner ein nedgang for andre året på rad. Budsjettforslaget er stramt og følgjer opp målsettinga om god økonomisk styring og auka nedbetaling av gjeld. Samstundes er det utfordringar innan alle tenesteområde som treng auka satsing og samarbeidspartia legg difor opp til ein forsiktig vekst på nokre utvalde tiltak. Samarbeidspartia legg fram endringar og omprioriteringar på rådmannen sit forslag til fylkesbudsjett på til saman 178 150 000 kr. Det er auka satsing på:

- Klima- og miljøtiltak, næringsutvikling og fornybarsatsing
- Styrka kollektivtilbod
- Opplæring og helse
- Trygge skuleveggar og vegvedlikehald
- Gode kulturtilbod

Endringane skal medverka til å nå regionale og nasjonale målsettingar og sikra gode føreseielege tenester til innbyggjarane. Fylkeskommunen skal vera ein pådrivar i arbeidet med å redusera klimagassutslepp i nært samarbeide med staten, kommunane, næringsliv, forskings- og utdanningsinstitusjonar og partane i arbeidslivet. Hordaland fylke si satsinga på elektrifisering av ferjene har hausta nasjonal og internasjonal merksemd og skapt store positive ringverknader for verftsindustrien og rederia.

Det mest effektive klimatiltaket er å få fleire til å reisa kollektivt. Rimelege reiser, utbygging av bybana og auka satsing på fleire buss- og baneavgangar har gjeve rekordvekst i talet på kollektivreisande i Hordaland. Auken syner at det no er nær 70 000 000 kollektivreisande i året. Det er innført nye takstsoner som gjer det svært rimeleg å reisa kollektivt i heile fylket. Fleirtalet i fylkestinget vil halda fram denne satsinga i neste års budsjett med nye kutt i prisane, auka rutetilbod og midlar til å sikra betre korrespondanse mellom båt og buss. Det vert skjerp krav om elektrifisering og bruk av fornybart drivstoff for bussparken og tilskot til elektrifisering av ferja Valestrand-Breistein.

Arbeidslivet er i stor omstilling noko som krev meir satsing på fleire områder. Vi treng meir ressursar til forskning og næringsutvikling. Tilbodet innan etter- og vidareutdanning må styrkjast. I tillegg må det leggjast betre til rette for digitalisering gjennom utbygging av breiband. Trass i desse utfordringane har stortinget gjort store kutt i verkemidla til omstillingsarbeidet.

Fylkestinget vil gjennom budsjettet styrkja rolla som regional utviklar og sikra tilskot til omstilling og utvikling av fornybare energiløysingar og grøn næringsutvikling gjennom øyremerka søkbare midlar.

For fyrste gong vert det dokumentert at fråfallet i den vidaregåande skulen går ned, dette er svært gledeleg. Fleire elevar fullfører vidaregåande utdanning, yrkesfaga styrkjer si rolle og det vert oppretta fleire lærekontraktar. Fleire av ungdomane som fell ut av utdanningsløpet tar imot tilbod om anna aktivitet, som ved Hyssingen produksjonsskule.

Produksjonsskuletilbodet skal det kommande året utvidast og etablerast i eit nytt tilrettelagt tilbod, på Hjeltnes i Ulvik. Målsettinga er at alle elevar som fell frå skal kontaktast og få tilbod om alternativt aktivitet. Dette målet er i ferd med å verta nådd.

Det er opna nye skular på Voss og Tertnes i Bergen og det er fullført store moderniseringsprosjekt ved Katedralskulen og Odda Vidaregåande skule. Bygging av ny vidaregåande skule i Åsane er starta opp og vert opna i 2020. Fylkestinget vil tilføre auka ressursar for å halda fram den gode utviklinga innan opplæring, gode helseførebbyggjande tiltak og sikra eit godt tannhelsetilbod i alle deler av fylket.

Grunnfinansieringa for skulane vert styrka. Det vert auka midlar til spesialundervisning, det vert også sett av ein søkbar pott til opplæringsmidlar for yrkesfag. Det helseførebbyggjande arbeidet vert styrka gjennom tilbod om meningokokk-vaksine for alle elevar i vidaregåande skulen. Det vellukka tilbodet om skulefrukost vert forsterka.

Trygge og framkommelege vegar med god standard er avgjerande for å sikra vekst og utvikling i alle deler av fylket. Fylkestinget vil gjennom budsjettet styrkja satsinga på trygge skulevegar, til vedlikehald og til dekkelegging. Fylkestinget er uroa over manglande løyvingar i statsbudsjettet til å styrkja vedlikehald, rassikring og fornying av fylkesvegnettet. I tillegg kjem det stor kostnadsvekst i drifta av ferje- og båtsamband. Fylkestinget vil ta initiativ til eit breitt samarbeida lokalt og nasjonalt for å påverka den nasjonale samferdselspolitikken slik at løyvingane til fylkesvegnettet vert betydeleg auka i åra som kjem.

Fylkestinget vil ta nye steg i arbeidet med å styrkja det friviljuge organisasjonslivet, idretten, kulturinstitusjonane og den profesjonelle scenekunsten. Det er gjort betydelege løft mellom anna med satsing på Hordaland teater, ny scene for Carte Blanche og idrettssatsinga gjennom Campus Bergen. Fylkestinget vil medverka til å sikra gode fritids- og idrettstilbod og eit breitt kulturtilbod i heile fylket. Det gode samarbeidet med dei profesjonelle institusjonane skal styrkjast og fylkeskommunen skal vera ein god samarbeidspartnar for heile det friviljuge organisasjonslivet.

Fylkestinget vil halda fram arbeidet med omstilling og fornying av fylkeskommunen i nært samarbeid med tilsette, tillitsvalde og samarbeidspartnarar. Sjukefråværet går ned og det skal framleis vera ei prioritert satsing. Arbeidet for meir likestilling og likeløn skal styrkjast og det skal leggjast til rette for at dei som ynskjer det skal få tilbod om auka stillingsprosent. Fylkeskommunen skal ha ein offensiv innkjøpspolitikk som set klare krav til leverandørar og samarbeidspartnarar, om klima og miljø, restriksjonar på bruk av innleie og til løns- og arbeidsvilkår i samsvar med det ein har i landsomfattande tariffavtalar.

Hordaland skal vera eit godt fylke å bu i for alle. Dette gjelder også for dei som fell utanfor det ordinære hjelpeapparatet og ikkje får grunnleggjande helsehjelp eller tilstrekkeleg med mat. Fylkestinget ser denne utfordringa og vil gjennom løyvingane i budsjettet anerkjenne det gode arbeidet som vert gjort av friviljuge helsearbeidarar gjennom «Helsehjelp for papirløse» og tilboda i regi av Robin Hood huset.

Budsjettet for 2019 og økonomiplanen 2020-2022 vil styrkja arbeidet med å skapa ei trygg og berekraftig utvikling og sikra gode tenestetilbod for innbyggjarane i eit førebyggjande og helsefremjande perspektiv.

### **Auka aktivitet og drift**

### **Samferdsel**

#### **Trygg skuleveg og punktutbetring**

Fylkestinget aukar løyvingane til vedlikehald og til mindre investeringar på vegnettet såkalla «punktutbetring» for å medverka til tryggare skulevegar og til meir satsing på samarbeidsprosjektet



«Hjertesone» saman med Trygg Trafikk og kommunane. I tillegg skal løyvinga gje oppstart for trafikksikringstiltak i Kvamsbrekka i Lindås, Langhøyane på Radøy og Matre bru i Kvinnherad.

### **Auka dekkelegging**

Vedlikehaldsetterslepet og manglande midlar til asfaltering er svært utfordrande difor er det heilt naudsynt å auka tilskotet til asfaltering. Fylkestinget sine påplussingar vil gje betydeleg meir midlar til asfalt og sikra tryggare vegar for dei reisande.

Auke dekkelegging	45 000 000
Trygg skuleveg og punktutbetring, søkbar pott	42 000 000
	87 000 000

### **Kollektiv**

Fylkestinget legg til rette for at fleire skal nytta kollektive reisemåtar gjennom auka ruteproduksjon på bybane, båt og buss. Det vert takstfrys på periodebillett barn, takstfrys på periodebillett ungdom, billigare periodebillett student, billigare periodebillett vaksne, gratis for born opp til 6 år - dette gjeld ikkje reiser med skuleskyss. Aldersgrensa for barnebillett vert auka til 18 år og prisen på periodekort for honnørreisande vert sett ned .

Båtsambanda Rekstern-Våge-Os og båtsambandet i Ølen vert vidareført og det vert ingen kutt i rutetilbodet Askøy-Bergen. Ferjetilbodet i Hordaland vert vidareført.

<b>Kollektiv</b>	
Auka ruteproduksjon på Bybanen/buss BERGEN	10 000 000
Gratis å reise kollektivt med born opp til 6 år	800 000
Takstfrys periodebillett barn (385 til 365)	500 000
Takstfrys periodebillett ungdom (385 til 365)	4 000 000
Reduksjon periodebillett student (frå 500 til 460)	3 700 000
Reduksjon periodebillett voksen (frå 830 til 780)	17 700 000
Reduksjon periodebillett honnør (50 % av voksen)	500 000
Barnebillett til 18år	1 800 000
Betre korrespondanse mellom buss, ferge og båt	1 000 000
Vidareføring av sambandet Rekstern-Våge-Os	1 850 000
Askøybåten, ingen kutt i ruteavganger	1 500 000
Takstharmonisering Buss/Båt/Tog	3 000 000
Kvandal-Utne, sommarrute vert oppretthalden	3 000 000
Båtrute Ølen	1 450 000
Total sum	50 800 000

## **Klima- og Miljø, næringsutvikling og fornybarsatsing**

Regional utvikling og omstilling er ei sentral oppgåve for fylkeskommunen. Stortinget har kuttet dramatisk i overføringane til næringsutvikling og nyskaping. Dersom dette kuttet ikkje vert kompensert, vil det få store negative konsekvensar for omstilling og nyskaping i Hordaland. Samarbeidspartia løyver 10 000 000 millionar til dette arbeidet. Midlane skal fordelast etter søknad og nyttast til næringsutviklings prosjekter med fokus på fornybarsatsing, ei satsing som kan redusera klimautslepp og andre tiltak innan det «grøne» skiftet.

Plastoppyrdding i kystsona og vassdrag er eit viktig miljøtiltak. Dette har fått stor merksemd og skapt mykje engasjement. Fylkestinget vil følgja opp det gode arbeidet og set av ekstra midlar til dette formålet. Midlane vert fordelt etter same modell som i 2018.

Ferja mellom Breistein og Valestrand får eit tilskot til arbeidet med elektrifisering av ferja. Fylkestinget vil med dette uttrykkja støtte til det sterke engasjementet for å vidareutvikla og behalda dette ferjetilbodet.

Energi Vestland er namnet på eit nytt initiativ frå medlemsbedriftene i HOG energi. Målsettinga med det nye nettverket er å styrkja samarbeidet mellom kommunar, fylket, partane i arbeidslivet, forskings- og utdanningsinstitusjonar om energi- og fornybarsatsing.

Næringsutvikling, fornybarsatsing, søkbare midler	10 000 000
Plastoppyrdding	1 000 000
Breistein Valestrand Prosjektstøtte elektrifisering	850 000
Energi Vestland	350 000
Sum	12 200 000

## **Opplæring og helse**

Dei gode arbeidet som vert utført i den vidaregåande skule og satsinga på førebyggjande helsetiltak har gjeve svært gode resultat. Fylkestinget vil gjennom auka tilskot leggja til rette for ei enda betre satsing i året som kjem. Det vert ei samla pakke til ulike formål på til saman 22 300 000.

Grunnfinansiering av den vidaregåande skulen vert styrka med 9 000 000 kr . Det har vore fleire år med streng prioritering og tilskotet vil medverka til eit styrka tilbod.

Utstyr til yrkesfag vert vidareført som ein søkbar pott på 4 000 000kr. Det er eit stort behov for oppgradering av opplæringsutstyr. Erfaringane er gode med eit søkbart tilskot, som vert fordelt etter behov.

Ekstern spesialundervisning får eit auka tilskot på 2 100 000 kr. Tilskotet skal sikra at alle som treng ekstra tilpassing av undervisninga, får eit godt tilbod.

Skulefrukost er etablert som tilbod på alle skular. Samarbeidspartia legg inn ekstra løyving for å sikra god kvalitet og styrking av tilbodet.

Meningokokkvaksine for alle elevar er eit førebyggjande helsetiltak som vert innført i 2019, tiltaket har ein kostnad på 3 000 000 kr. Ordninga skal omfatta alle elevar i den vidaregåande skulen. Tilbodet vert gjeve til elevar på alle trinn som ikkje har tatt vaksinen i 2019. Deretter får alle elevar dette tilbodet når dei starta i 1. klasse på vidaregåande skule.

For Manger folkehøgskule sikra fleirtalet vidare drift i 2019, skulen får auka tilskotet med 600 000. Dette sikrar eit tilbod som er svært viktig for musikk- og brassbandmiljøet i heile fylket.

Vil Vite får eit auka tilskot på 500 000 kr.

Fagbrev for vaksne skal verta tilbydd fleire -og samarbeidet med vaksenopplæringsorganisasjonane skal styrkast. Det er ei stor utfordring at mange vaksne ufaglærte arbeidstakarar ikkje har høve til å ta del i etter- og vidareutdanningstilbod. Gjennom betre tilrettelegging og nærare samarbeid med verksemdar og tilsette i privat og offentleg sektor, vil fleire kunna ta del i gode etter- og vidareutdanningstilbod. Fylkestinget vil setja av 300 000 til eit prosjekt som skal styrkja tilbodet innan etter- og vidareutdanning. Ein ynskjer i dette prosjektet å invitera partane i arbeidslivet og Vaksenopplæringsforbundet med i gjennomføringa.

Satsing på Havrom. Fagskulen i Hordaland får 300 000 ekstra til arbeidet med å utvikla nye studietilbod som skal tilby næringslivet ny kompetanse innan denne viktige sektoren.

Helsehjelp for papirlause er eit tilbod drive av friviljug helsepersonell. Dei gjev livsviktig helsehjelp til ei utsett gruppe som er utan formelle rettar, dei treng vår solidaritet og støtte.

Robin Hood Huset er også eit tilbod for utsette grupper og dei får ei løyving på 200 000

<b>OPPLÆRING OG HELSE</b>	
Grunnfinansiering av skulane	9 000 000
Søkbar pott, utstyr yrkesfag	4 000 000
Ekstern spesialundervisning	2 100 000
Skulefrukost	2 000 000
Meningokokkvaksine for alle for	3 000 000
Manger folkehøgskule	600 000
Vilvite	500 000
Etter- og viderutdanning – tiltak som kan sikra vaksne fagbrev	300 000
Havrom, tilskot til ny satsing for fagskoletilbod	300 000
Helsesenter for papirlause	300 000
Robin Hood-huset	200 000

## **Kultur**

Eit godt budsjettforslag for kultur, idrett og det friviljuge organisasjonslivet vert styrka ytterlegare gjennom fylkestinget sine samla påplussingar med 5 850 000. I tillegg vert auka tilskot til Rafto, Kirkens SOS, FFO og til årlig minnemarkeringen for trafikkofer «Ettertankens dag» dekkja innanfor ordinær budsjetttramme for «Ymse tilskot».

Konsolidering Museum Vest og Bergen sjøfartsmuseum. Det er svært viktig med gode og hensiktsmessige museums-konsolideringar, og såleis gledeleg at museum vest og Bergen sjøfartsmuseum har gjort vedtak om konsolidering. Det blir lagt inn ei styrking til dette arbeidet på 1 million kroner. Fylkesrådmannen har foreslått 300.000 til ein fartøyvernkoordinator hos Museum vest. Denne summen vert trekt ut att, men om museet vil prioritera noko av auken slik er dette deira vurdering.

Kode og Bymuseet i Bergen. Vi er stolte over arbeidet musea i fylket vårt gjer, og gler oss over gode resultat med knappe rammer. Det er lagt inn ei styrking til både Kode og bymuseet i Bergen på 500.000 kroner.

Fyllingsdalen teater har i mange år vore ein regional talentutviklar innan teater, film og Circus. Gjennom sin eigen modell operera dei i skjæringspunktet mellom amatørfeltet og det profesjonelle, og gjer mange barn og unge ein unik arena for utfolding og læring. Det er lagt inn ei styrking på 200.000 for å bidra til å bygge opp under dette arbeidet.

Espeland Fangeleir, Bullahuset og Fjellberg gamle prestegard. I staden for å opprette ein ny tilskotsordning for regionale og nasjonale kulturminne siste året før fylkessamanslåinga vil Espeland Fangeleir, Bullahuset og Fjellberg gamle prestegard bli ståande i budsjettet. Nye og noverande tilskotsordningar må vurderast samla i den nye fylkeskommunen.

Rosendal kammermusikkfestival ved Baroniet i Rosendal er ein intimfestival som strekke seg over en langhelg i august månad. Festivalen starta opp i 2016 og er eit eksempel på eit vellukka samarbeid mellom profesjonelle og Baroniet som gjev gode synergjar til lokalt kulturliv. For å støtte opp om vidareutvikling av festivalen, bidrar fylket med kr. 300.000.

Det akademiske kvarter var i utgangspunktet støtta med 100.000 men teke ut av rådmannens framlegg. I staden vert tilskotet lagt inn att og auka til 200.000. I tillegg til å vera kulturhus for studentane er Det akademiske kvarter også nytta av svært mange andre i byen, med tilbod om eit vell av ulike konsertar, debattar og liknande. Dei er mellom anna ein viktig scene for artistar i startgropa.

Bergen Døvesenter (BDS) får eit tilskot på 300.000 kroner til. BDS har regionale funksjonar knytt til døvekulturen. Senteret arbeider aktivt både med kulturformidling, opplæring og med kulturelt mangfald. Det er difor naturleg å støtte BDS sitt arbeid inn imot og i det nye vestlandsfylket.

Riksjubileum for Kristenretten. Fylkestinget har tidlegare vedtatt å støtte opp om arbeidet med eit riksjubileum for 1000-årsjubileet for Kristenretten i 2024 på Moster amfi. Fylkesrådmannen har foreslått 100.000 kroner til dette i 2019. Dette blir styrka med ytterlegare 100.000 kroner slik at totalsum vert 200.000 kroner.

Vestnorsk kulturakademi på Voss er eit undervisningssenter og eit regionalt senter for kulturbasert næringsutvikling basert på handlingsboren kunnskap. Bygningssenteret ved Vestnorsk kulturakademi tek på seg oppdrag innan restaurering av bygg med kulturhistorisk verdi og vert støtta med kr. 100.000.

Stiftinga Statsraad Lehmkuhl har ei stor oppgåve i å sørge for at skipet er i god stand og godt rusta til dei aktivitetane som til ein kvar tid går føre seg. Det er høgt fokus på bærekraft og modernisering, mellom anna gjennom installasjon av batteri til bruk inn og ut frå kai. Store utgifter dei seinare år gjer at det blir løyva 1,3 millionar som ein eingongssum i 2019, i tillegg til ordinært driftstilskot.

Kup Midlar, barne- og ungdomsorganisasjonar og historielag. Fylkestinget fjerna nedtrekk i tilskot til Kup Midlar, barne- og ungdomsorganisasjonar og historielag. Desse vert lagt inn igjen.

Friluftsliv og fysisk aktivitet er viktig for å sikre god folkehelse. Fleirtalspartia ynskjer å styrkje folkehelsearbeidet ved å leggje tilhøve til rette for meir friluftsliv og aukar difor tilskotet til Friluftslivets ferdselsårer med 150 000.

<b>KULTUR OG IDRETT</b>	
Espeland fangeleir	350 000
Bullahuset	200 000
Fjellberg gamle prestegard	250 000
Rosendal kammermusikkfestival	300 000

Det akademiske kvarter	200 000
KODE	500 000
Fyllingsdalen teater	200 000
Bymuseet	500 000
Døvesenter	300 000
Moster amfi	100 000
Museum Vest - konsolidering	1 000 000
Friluftsliv (følges opp med verbalpunkt)	150 000
Kup-midlar	100 000
Tilskot barne- og ungdomsorg	200 000
Tilskot til historielag	100 000
Vestnorsk kulturakademi	100 000
Statsraad Lemkuhl	1 300 000
Total sum	<b>5 850 000</b>

Auka tilskot til Rafto, Kirkens SOS, FFO og til årlig minnemarkeringen for trafikkofer «Ettertankens dag» vert dekkja innanfor ordinær budsjetttramme for ymse tilskudd til saman 235 000 kr. Restsum i ordninga ber fylkestinget om at rådmannen lyser ut i januar 2019.

Ymse tilskot (auke innanfor avsett ramme)	
Rafto	75 000
Kirkens SOS engangssum. Jubileumsgave 2019	40 000
FFO	70 000
Minnemarkering, "Ettertankens dag"	50 000

### Saldering

Det er henta 60 millionar frå Havbruksfondet desse midlane er ekstraordinære inntekter i 2018 og skal - gitt eit positivt driftsresultat, ikkje inngå i det ordinære driftsresultatet.

	2019
Udisponert i rådmannen sitt budsjettframlegg	-15 000 000
Konsulentbruk	-3 000 000
Nedtrekk administrasjon generelt	-5 000 000
Driftsfinansiert investering	-21 800 000
Redusert avdrag, lån	-29 000 000
Auka skatteanslag	-5 000 000

Auka kollektivinntekter som følge av fleire reisande	-8 000 000
Økte billettkontroller skal dekkas innan budsjettrammen	-7 000 000
Ny tilskotsordning for regionale og nasjonale kulturminne	-800 000
Hordaland kunstsenter	-350 000
Fartøyvernkonsulent	-300 000
Redusert ekstraløyving (region)	-4 000 000
Disponering overskot 2017	-3 085 000
Konsesjonskraft	-10 000 000
Disposisjonsfond (Havbruksfondet m.m.)	-65 815 000
Total sum	-178 150 000

### **Verbalpunkt**

#### **Disponering av overskot i 2018**

Ved disponering av overskot for 2018 vil fylkestinget vurdere ytterlegare nedbetaling av gjeld utover handlingsregelen.

#### **Kutt i klimautslepp og meir satsing på fornybar energi**

Hordaland Fylkeskommune er føregangsfylke i overgangen til fossilfrie energiløysingar. Hordaland sine miljøkrav i buss- og ferjeandbod utløyser stor innovasjon i næringslivet, og det styrkjer Landet/Vestlandet sin verdsløiande posisjon i marin -fossilfri teknologi.

Fylkestinget ber fylkesrådmannen fremja ei sak om korleis Hordaland fylke som regional utviklingsaktør kan medverka til eit breitt samarbeid nasjonalt og lokalt med kommunar, næringsliv og interesseorganisasjonar om styrka finansiering av tiltak som kan gje reduksjon i klimautslepp gjennom auka bruk og produksjon av fornybar energi her under biogass, hydrogen.

#### **Internasjonalt samarbeid og klimautfordringar**

Hordaland fylkeskommune deltar i fleire internasjonale fora gjennom Nordsjøsam arbeidet og medlemskap i CPMR. Klimautfordringane og satsing på grøn teknologi og auka bruk av fornybar energi er sentrale satsingsområde i det internasjonale arbeidet og i ei rekkje andre samarbeidsprosjekt innan næringsutvikling og forskning som fylkeskommunen er involvert i. Fylkestinget ber fylkesrådmannen leggja fram ei sak på korleis ein kan styrkje samhandlinga mellom strategi for internasjonalt arbeid, regionalt forskingsfond og andre samarbeidsprosjektet knytte til eksempelvis miljøprosjektet, energisamarbeid og grøn næringsutvikling.

#### **Kutt i klimagassutslepp frå oppdrettsanlegg**

Fylkestinget ber om at det vert stilt krav om nullutslepp av klimagassar eller bruk av fornybart berekraftig drivstoff for alle nye anlegg.

#### **Klimavenlege tenestereiser**

Fylkestinget ser at tenestereiser med fly er ei kjelde til utslepp av klimagassar. Fylkestinget vil oppmoda politikarar og tilsette i fylkeskommunen til å nytta seg av tog på reiser til Oslo for å redusere talet på flyreiser. Videokonferansar bør og takast meir i bruk både av politikarar og tilsette.

#### **Strekninga Vågsbotn - Klauvaneset**

Trafikkbelastninga på strekninga Vågsbotn-Klauvaneset har fått eit omfang som skapar store køproblemer med aukande fåre for ulykker med personskader og tap av liv. Fylkestinget ber fylkesordføraren ta initiativ til eit møte med samferdselsdepartementet, SVV, Bergen kommune og kommunane i Nordhordland for å få fram konkrete løysingar som kan sikra raskare framdrift av planlegging og betring av vegen mellom Vågsbotn og Klauvaneset.

#### **Nasjonal plan for satsing på fylkesvegane**

Hordaland vil arbeide for at det vert utarbeidd ein heilskapleg, nasjonal plan, for opprusting og skredsikring av fylkesveggar med høg og middels skredfaktor. Planen må leggjast fram ved første rullering av NTP, med ei tidsramme for gjennomføring på 12 år. Hordaland Fylkeskommune skal ta initiativ til ei nasjonal samling for fylkeskommunar og interesseorganisasjonar der tema skal vera status og utfordringar for fylkesvegnettet etter reforma i 2010. Manglande ressursar til vedlikehald og fornying av fylkesvegnettet er ei nasjonal utfordring som må løysast gjennom ein nasjonal handlingsplan som vert finansiert med ekstraordinære midlar.

#### **Gratis å ta med sykkel på båtsambanda**

Fylkestinget ber Skyss leggja til rette for at det skal bli gratis og ta med sykkel på båt slik at det vert enklare å kombinera båtreise med bruk av sykkel.

#### **Fritak for bompengar**

Fylkestinget vil utgreia fritak/rabatt for bompengar for hydrogenbilar, utsleppsfrie varebilar og lastebilar. Det kan opprettast ein klimaklasse, det vil sei differensiert fritak for bioetanol- og biogass-, samt ladbare hybrid-lastebilar.

#### **Oppfølging av samarbeidsprosjekt i Nordhordland**

Samarbeidet mellom skulane og næringslivet i Nordhordland er historisk godt og Nordhordland Næringslag og Regionrådet er godt samkøyrd på å finna nye løysingar på utfordringar knytt til vidaregåande utdanning og fagopplæring. Regionen er i ferd med å få på plass eit prosjekt som skal gje elevar innan yrkesfag ein læreplassgaranti. Dette vi styrkja yrkesfaga og medverka til auka rekruttering av fagarbeidarar. Samarbeidet mellom næringsliv og vidaregåande skular vert tettare og meir av praksisopplæringa kan gjerast ute i verksemdene. Fleirtalspartia vil be fylkesrådmannen følgja opp samarbeidsprosjektet og at det vidare arbeidet med samarbeidsprosjektet vert kopla til arbeidet med planlegging av nye vidaregåande skular i regionen og at ein startar dette allereie i 2019.

#### **Klasseoppfylling**

For å sikre god ressursutnytting er det viktig med god klasseoppfylling. Normalt vil klassar med lågare oppfylling enn 85 % ikkje starta opp. Ap, Krf, Sp og SV meiner likevel at ein kan omgå oppfyllingskravet på 85 % dersom distriktspolitiske eller faglege høve ligg til rette for dette.

#### **Fagopplæring**

Fylkestinget ber om at Hordaland Fylkeskommune saman med opplæringskontora syta for at det vert gjennomført bedriftsbesøk tidleg i opplæringsperioden slik at eventuelle manglar knytt til arbeidsmiljø, lønn eller opplæringsplan kan rettast opp tidleg. Dette arbeidet kan koordinerast med partane i arbeidslivet, lærlingombodet, opplæringskontora og andre aktørar som har kontakt med lærebedriftene.

#### **Samarbeid skule næringsliv**

Fylkestinget ønskjer å vidareføra det gode samarbeidet ein har mellom skule og næringsliv, der ein kan utnytta opplæringsutstyr på ein betre måte og samarbeide om investeringar og innkjøp.

#### **Heiltidskultur**

Fylkestinget meiner at heile stillingar skal vera hovudregelen og vil at arbeidet med å auka talet på heile stillingar skal intensiverast. Fylkesrådmannen vert beden om å koma attende med sak.

	Inntekter	Utgifter
Rådmannen sitt budsjettframlegg vert vedteke med desse endringane		
<b>Drift</b>		
<b>KVA</b>	<b>2019</b>	<b>2019</b>
<b>Udisponert</b>		
Udisponert i rådmannen sitt budsjettframlegg	-15 000 000	
<b>ØKONOMI OG ORGANISASJON</b>		
Konsulentbruk	-3 000 000	

Nedtrekk administrasjon generelt (Utsette planer og diverse, følges opp med verbalpunkt)	-5 000 000	
Driftsfinansiert investering	-21 800 000	
Redusert avdrag, lån	-29 000 000	
Auka skatteanslag	-5 000 000	
<b>OPPLÆRING OG HELSE</b>		
Manger folkehøgskule		600 000
Vilvite		500 000
Etter- og viderutdanning – omstilling med særskilt satsing på tiltak som kan sikra voksne fagbrev		300 000
Havrom, fagskole		300 000
Ekstern spesialundervisning		2 100 000
Grunnfinansiering av skulane		9 000 000
Helsesenter for papirlause		300 000
Robin Hood-huset		200 000
Søkbar pott, utstyr yrkesfag		4 000 000
Skulefrukost		2 000 000
Helseforebygging, Meningekokkvaksine for alle for 1. og 2. klasse, omlegging slik at 1. klasse får årlig		3 000 000
<b>MILJØ OG SAMFERDSEL</b>		
Auka kollektivinntekter som følge av fleire reisande	-8 000 000	
Trygg skuleveg og punktutbetring søkbar pott (kvamsbrekko, Langhøyane, Matre bru (Kvinnherad) og hjertesone)		42 000 000
Auka ruteproduksjon på Bybanen/buss BERGEN (Følges opp med verbalpunkt)		10 000 000
Plastopprydning, søkbar pott		1 000 000
Gratis å ta med sykkel på båtutene (innenfor rammen)		
Gratis å reise kollektivt med born opp til 6 år		800 000
Takstfrys periodebillett barn (385 til 365)		500 000
Takstfrys periodebillett ungdom (385 til 365)		4 000 000
Reduksjon periodebillett student (frå 500 til 460)		3 700 000
Reduksjon periodebillett voksen (frå 830 til 780)		17 700 000
Reduksjon periodebillett honnør (50 % av voksen)		500 000
Barnebillett til 18år		1 800 000
Betre korrespondanse mellom buss, ferge og båt (Følges opp med verbalpunkt)		1 000 000
Vidareføring av sambandet Rekstern-Våge-Os		1 850 000
Energi Vestland		350 000
Askøybåten, ingen kutt i ruteavganger		1 500 000
Takstharmonisering Buss/Båt/Tog		3 000 000
Breistein Valestrand Prosjektstøtte elektrifisering		850 000
Kvandal-Utne, sommarrute vert oppretthalden		3 000 000
Økte billettcontroller skal dekkas innan budsjetttrammen (følges opp med verbalpunkt)	-7 000 000	
Auke dekkelegging		45 000 000
Båtrute Ølen		1 450 000
<b>REGIONAL</b>		
Næringsutvikling, fornybarsatsing, søkbare midler (følges opp med verbalpunkt)		10 000 000



<b>KULTUR OG IDRETT</b>		
Ny tilskotsordning for regionale og nasjonale kulturminne (følges opp med verbalpunkt)	-800 000	
Espeland fangeleir		350 000
Bullahuset		200 000
Fjellberg gamle prestegard		250 000
Rosendal kammermusikkfestival		300 000
Det akademiske kvarter		200 000
KODE		500 000
Fyllingsdalen teater		200 000
Hordaland kunstsenter	-350 000	
Bymuseet		500 000
Døvesenter		300 000
Moster amfi		100 000
Museum Vest - konsolidering		1 000 000
Fartøyvernkonsulent	-300 000	
Friluftsliv (følges opp med verbalpunkt)		150 000
Kup-midlar		100 000
Tilskot barne- og ungdomsorg		200 000
Tilskot til historielag		100 000
Vestnorsk kulturakademi		100 000
Statsraad Lemkuhl		1 300 000
<b>Fellesfunksjoner</b>		
Redusert ekstraløyving (region)	-4 000 000	
Disponering overskot 2017	-3 085 000	
Konsesjonskraft	-10 000 000	
Disposisjonsfond (Havbruksfondet m.m.)	-65 815 000	
<b>TOTALT</b>	<b>-178 150 000</b>	<b>178 150 000</b>

<b>INVESTERINGER</b>		
Utsatt tilbakebetaling, refusjoner fylkesveger		-6 000 000
Overført frå driftsbudsjettet	-21 800 000	
Bruk av fond (havbruksfond)	-40 000 000	
Lån	55 800 000	
<b>TOTALT</b>	<b>-6 000 000</b>	<b>-6 000 000</b>

<b>Ymse tilskot</b> (auke innanfor avsett ramme)		
Rafto		75 000
Kirkens SOS engangssum. Jubileumsgave 2019		40 000
FFO		70 000

Minnemarkering, ettertankens dag		50 000
----------------------------------	--	--------

Silja Ekeland Bjørkly (H) sette fram slikt forslag:

**Fylkestinget vedtar fylkesrådmannens forslag til til budsjett med slike endringer:**

<b>Driftsbudsjett</b>	<b>Økte kostander/reduuerte inn.</b>	<b>Reduserte kostander/økte inn.</b>
<b>Udisponert</b>		
<b>Fylkesutvalget</b>		
Effektivisering administrasjon		10 000 000
Tilbakestille natt-takst		10 000 000
By/kollektiv reklame		5 000 000
Effektivisering og administrasjon skolesektor		5 000 000
Ufordelte løyvinger		15 000 000
Redusere reisevirksomhet/mer bruk av videokonferanse		2 000 000
Mindre konsulenter		3 000 000
<b>Opplæring og helse</b>		
Økning til 6% egenandel under tannhelse		1 500 000
Skoleskipet Gann		500 000
TK Vest		1 000 000
Manger folkehøyskole	900 000	
Meningkokkvaksine for elever i vgs	5 000 000	
Reduksjon skolefrokost		6 500 000
Hjeltnes (halvtårsvirkning)		2 400 000
Helsesøstre – prosjekt med kommunene	3 000 000	
VilVite	500 000	
Sommerskolen	500 000	
Fagskolen utstyr	1 000 000	
<b>Samferdsel</b>		
Effektivisering drift samferdsel		1 000 000
Rekstern-Våge-Os, ikke nedlegge ruten	1 850 000	
Innfartsparkering	5 000 000	
Dekkelegging	68 250 000	
Generell styrking av kollektivtiltak	28 000 000	
Kaianlegg		18 200 000
Billettkontroll	2 000 000	
Økte kollektivinntekter som følge av flere reisende		4 000 000
<b>Kultur og idrett</b>		
Bokbåten		500 000
Cornerteateret		500 000
Det akademiske kvarter	200 000	

Kunstnerstipend		200 000
Skrivekunst akademiet		300 000
Vestlandsutstillingen og visp		300 000
Hordaland kunstsenter		200 000
Espeland fangeleir	400 000	
Driftstilskudd til regionale kulturminner		200 000
Bymuseumene	700 000	
<b>Regional utvikling</b>		
Havbruksfond		20 000 000
<b>Investeringsbudsjett</b>		
Konsesjonskraftmidler		10 000 000
Investering i kaianlegg	18 200 000	
Investering Hjeltnes		18 200 000
	135 500 000	135 500 000

## Verbalforslag

Gjennomgang av rutiner for ikke betalte skolebøker

Gå i dialog med eksterne aktører med tanke på å vurdere alternativ driftsform for Manger fhs.

Ønsker en gjennomgang av lovpålagte og ikke-lovpålagte oppgaver innenfor kultursektoren.

Prioritere flere avganger og ekspressruter innenfor kollektivtrafikken.

Prioritere kulturtiltak rettet mot barn og unge.

Vurdere innføring av sentrumstakst i Bergen.

**Terje Søviknes (Frp)** sette fram slikt forslag:

### Hordaland fylkeskommune

#### Budsjett 2019 Økonomiplan 2019-22

#### Innledning

Fremskrittspartiet sitt budsjett har utgangspunkt i fylkesrådmannens framlegg til Budsjett 2019 og Økonomiplan 2019-22. I løpet av denne valgperioden har Hordaland fylkeskommune pådratt seg betydelig økte kostnader, og dermed mistet økonomisk handlingsfrihet.

Fremskrittspartiet legger til grunn at fylkeskommunen har en anstrengt økonomi, og tar hensyn til dette i vårt framlegg til 2019-budsjett. Det er derfor bare gjort mindre endringer i drift- og investeringsbudsjettet for 2019.

Den store utfordringen ligger i økonomiplanperioden 2020-22. Fylkesrådmannen peker på en underdekning i driftsbudsjettet på 350-400 mill kr pr år i perioden, - hovedsakelig knyttet til økte kostnader knyttet til ferge drift og kollektivtilbud. Dette skaper store utfordringer knytt til etableringen av Vestland fylkeskommune fra 01.01.20.

Fremskrittspartiet mener 1.halvår 2019 bør brukes til en full gjennomgang av alle tiltak som kan bringe økonomien i Vestland fylkeskommune i balanse fra 2020, se verbalforslag A. Prosjektleder for nye Vestland fylkeskommune må koordinere denne gjennomgangen med de to fylkesrådmennene slik at grunnlaget for budsjettprosessen 2020 blir best mulig.

#### Driftsbudsjettet Miljø og samferdsel

Fremskrittspartiet vil benytte inntekspotensialet som ligger i reklame knytt til kollektivtrafikken. I dag er det vanlig med reklame i samfunnet, - både i ulike medier og i det offentlige rom. Hordaland fylkeskommune er ikke i en økonomisk posisjon som tilsier at vi kan si nei til denne inntektsmuligheten.

Fremskrittspartiet tar innover seg etterslepet på fylkesveivedlikeholdet, og setter av ekstra midler til asfaltering. Slik fylkesrådmannens budsjett er presentert vil midler til dekkelegging på fylkesvei gå fra 75 til 22 mill kr fra 2018 til 2019, dvs. en reduksjon 70%! Dette står i skarp kontrast til det innmeldte behovet på 100 mill kr årlig til dekkelegging og veioppmerking for å stoppe forfallet. Vi vil også satse ytterligere på innfartsparkering.

Fremskrittspartiet vil også opprettholde båtrotene Rekstern-Våge-Os, Askøysambandet og Ølen, Fjelbergøy/Borgundøy. Evt. Justeringer av båtrotetilbudet må vurderes som del av en samlet gjennomgang av fylkesøkonomien i 2019, ref. avsnittet over.

### **Opplæring og helse**

Fremskrittspartiet vil satse videre på produksjonsskoler, men er av den oppfatning at Hjeltnes ikke er rett sted. Vi registrerer også at det ikke er realistisk å hente ut et statlig tilskudd til Hjeltnes på 9 mill kr pr år slik flertallet i fylkestinget tidligere har forutsatt. Fremskrittspartiet vil derfor selge bygningene på Hjeltnes. Tilsvarende vil vi selge Manger folkehøyskole.

Vi ønsker også å videreføre arbeidet for høyere oppfylingsgrad i klassene i videregående skoler. P.t. er det 140 klasser som har lavere oppfylingsgrad enn 85%. Videre satser Fremskrittspartiet på ytterligere styrking av yrkesretta utdanning gjennom innkjøp av nytt utstyr og maskiner.

Fremskrittspartiet mener alle vgs-elever i Hordaland, uavhengig av om de velger et offentlig eller privat skoletilbud, må være del av vaksinasjonsprogrammet mot meningokokk. Dette er et folkehelseiltak som ikke bare kan forbeholdes elever i fylkeskommunens egne skoler. Effekten av vaksinasjonsprogrammet vil også bli svekket ved en slik avgrensing. FrP fremmer derfor et eget verbalforslag om at også elever i private videregående skoler skal være en del av vaksinasjonsprogrammet.

### **Kultur, idrett og regional utvikling**

Fremskrittspartiet gjør bare mindre endringer på dette området for neste år, men signaliserer at også kulturfeltet må ta kostnadsreduksjoner i gjennomgangen vi skisserer i 2019. Nye tilskudd uten bindinger, som f.eks Sentralbadet Scenekunst, må vurderes spesielt.

Ordningen med fylkesmusikere avvikles og frigjorte midler overføres til en tilskuddspost for regionale private museumssamlinger, - spesielt rettet mot maritime samlinger.

Fyllingsdalen teater er et viktig kulturtilbud for barn og unge, og det avsettes midler til teateret. Tilsvarende økes tilskuddet til Museum Vest.

FrPs framlegg til endringer i driftsbudsjettet for 2019 går fram av tabellen under;

Udisponerte midler i fylkesrådmannens innstilling	-15 000
Økte konsesjonskraftinntekter	-5 000

### **Miljø og samferdsel**

Inntekter reklame Bybane/Skyss	-30 000
Økt fylkesveivedlikehold - reasfaltering	50 000
Aktivt kontroll på kollektiv - flere betalene	-5 000
Ikke reduksjon i båttruter i 2019	4 000

### **Opplæring og helse**

Ytterligere klasseoppfylling	-5 000
Avvikling Hjeltnes (1/2 årsvirkning)	-2 400
Pøbelprosjekt	500
Vaksinasjon også i private vgs.	200
Avsatt buffer OPHE klasseoppfylling distrikt	5 000

### **Kultur, idrett og regional utvikling**

Avvikle ordning med fylkesmusikere	-1 500
Tilskuddsordning private samlinger, maritim	1 000
Fyllingsdalen teater	500
Museum Vest	500
Tilskudd HOG Energi	400

**Sum (mindreforbruk) -1 800**

### Investeringsbudsjettet

For Fremskrittspartiet er det viktig å styrke fagskolen og de videregående skolene med moderne maskiner og utstyr. Vi vil også trygge skoleveien og setter av midler til dette formålet. Fremskrittspartiet vil også intensivere eiendomssalget, se eget verbalforslag B.

FrPs framlegg til endringer i investeringsbudsjettet for 2019 går fram av tabellen under;

Investeringer i utstyr og maskiner - VGS	5 000
Investeringer i utstyr og maskiner - Fagskole	5 000
Trygg skolevei - investeringer i mindre prosjekt	10 000
Pendlerparkering	10 000
Ikke investeringer Hjeltnes	-18 000
Salg av eiendom	-20 000
<b>Sum</b>	<b>- 8000</b>

### Verbalforslag

FrP setter frem følgende verbalforslag som vi ønsker separat votering over ved behandling av budsjettet i fylkestinget.

#### D. Full gjennomgang av fylkesøkonomien

Hordaland fylkeskommune er i en alvorlig økonomisk situasjon året før sammenslåing med Sogn & Fjordane fylkeskommune til Vestland fylkeskommune fra 01.01.20. Driftsbudsjettene til Hordaland fylkeskommune har en ubalanse på 350-400 mill kr pr år i økonomiplanperioden 2020-22. I hovedsak skyldes dette økte kostnader knytt til nye og høye miljøkrav for fergedrift og kollektivtransport. P.t. er det usikkerhet knyttet til justeringene i inntektssystemet for fylkeskommunene våren 2019, men det er grunn til å tro at fylkeskommunen må dekke en vesentlig del av ubalansen gjennom egne tiltak. I Fylkestinget ber derfor fylkesrådmannen om å bruke 1.halvår 2019 til en full gjennomgang av alle tiltak i Hordaland som kan bidra til å bringe økonomien i Vestland fylkeskommune i balanse fra 2020.

Det er naturlig at prosjektleder for nye Vestland fylkeskommune får en overordnet koordineringsrolle i prosjektet, slik at vi får parallelle prosesser i begge fylker. Alle tiltak som kan bedre balansen i driftsbudsjettene må vurderes (listen er ikke uttømmende);

- Strukturelle og organisatoriske tiltak
- Digitalisering og endrede arbeidsprosesser
- Nedbemanning (naturlig avgang, stillingsstopp, vakanser)
- Konkurransen som virkemiddel i tjenesteproduksjonen
- Gjennomgang av alle tilskuddsordninger
- Utsette enkeltinvesteringer / investeringsstopp for en periode
- Forlenget avdragstid på lån
- Salg av eiendommer og eiendeler som ikke fylkeskommunen benytter i tjenesteproduksjonen

**Framlegg til vedtak;**

Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å bruke 1.halvår 2019 til en full gjennomgang av alle tiltak i Hordaland som kan bidra til å bringe økonomien Vestland fylkeskommune i balanse fra 2020.

Fylkestinget oppfordrer fylkesrådmannen til å koordinere prosjektet med fylkesrådmannen i Sogn & Fjordane og prosjektleder for Vestland fylkeskommune.

**E. Aktiv utvikling og salg av fylkeskommunale eiendommer**

Hordaland fylkeskommune sitter på en rekke eiendommer som en ikke har planer om å bruke i egen tjenesteproduksjon. Eksempel på dette er eiendom v/Kysthospitalet i Hagavik (Os), Fana Gymnas, Hjeltnes vgs- Manger Folkehøyskole

Eiendommer, og evt. selskap, som fylkeskommunen ikke skal bruke til egen tjenesteproduksjon bør vurderes solgt. I enkelte tilfeller vil det være aktuelt å utvikle eiendommene for å maksimere verdiene før salg, f. eks. gjennom omregulering til bolig - eller næringsformål.

Fylkestinget ber på denne bakgrunn om å få seg forelagt en politisk sak med opplisting av eiendommer som er aktuelle for salg, og eventuelle tiltak for å utvikle eiendommene for salg.

**Framlegg til vedtak;**

**Hordaland fylkesting ber fylkesrådmannen legge frem en samlet oversikt over eiendommer/selskap som ikke skal brukes i den fylkeskommunale tjenesteproduksjonen. Saken må inneholde beskrivelse av eiendommene, verdivurdering og eventuelle utviklingstiltak for å maksimere verdien før salg**

**F. Vaksinasjonsprogram også for elever i private videregående skoler**

Fylkestinget mener alle vgs-elever i Hordaland, uavhengig av om de velger et offentlig eller privat skoletilbud, må være del av vaksinasjonsprogrammet mot meningokokk. Dette er et folkehelseiltak som ikke bare kan forbeholdes elever i fylkeskommunens egne skoler. Effekten av vaksinasjonsprogrammet vil også bli svekket ved en slik avgrensning.

**Framlegg til vedtak;**

**Også elever i private videregående skal være en del av vaksinasjonsprogrammet for videregående skoler i Hordaland.**

**Geir Kjell Andersland (V)** sette fram slikt forslag:

**Budsjett Venstre 2019:**

Fylkestinget vedtek fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett med slike endringer:

**Verbalforslag**

**1. Regionreform**

Føremålet med regionreform er å oppnå meir folkevald styring og desentralisering av makt. Venstre vil arbeide aktivt for at fleire oppgaver og ressursar vert overført frå staten.

**2: Fyllingsdalen Teater/Bømlo Teater**

Fyllingsdalen teater og Bømlo teater er viktige teater og kulturtilbod til born - og unge i ulike deler av Hordaland. Bømlo teater vil og ha ei viktig rolle i markeringa av 1000 års jubileet 2024 på Moster.

**3: Sentralbadet**

Fylkestinget understreker betydninga og nødvendigheten av å sikre Carte Blanche og BIT Teatergarasjen hensiktsmessige lokaler til sin fremragende kunstneriske virksomhet med fortsatt base i Bergen/Hordaland.

Fylkestinget anmoder fylkesrådmannen om aktivt og følge videre opp, og helst styrke, HF sitt medansvar for å realisere Sentralbadet prosjektet som skal løse de to kunstinstitusjonene sine prekere husnød.

#### **4. Moster 2024**

Fylkestinget vil aktivt støtte opp om markering for innføring av kristenretten i Norge, på Moster 2024.

#### **5. Den kulturelle skulesekken og spaserstokken**

Fylkestinget vil auke nynorsk produksjon i Den kulturelle skulesekken og den kulturelle spaserstokken

#### **6. Skulestruktur**

Fylkestinget vil sikre at skulestrukturen i Vestland fylke framleis er desentralisert

#### **7. Nynorsk**

Fylkestinget ynskjer å utvikle pilotprosjekt for nynorsk formidling i vidaregåande skule

#### **8. Manger Folkehøgskule**

Fylkestinget ynskjer å oppretthalde Manger folkehøgskule som eit senter for korpsmusikk

#### **9. Skulehelsetenesta**

Fylkestinget ynskjer å gje bidrag til kommunane slik at den kommunale skulehelsetenesta vert utvida i vidaregåande skule.

#### **10. Folkehelse**

Fylkestinget vil følge opp det nasjonale programmet - Program for folkehelse i kommunane - og inkludere heile Vestland fylket i programmet

#### **11. Klimaplan for Hordaland**

Venstre ønskjer å styrka klimaplan for Hordaland med ytterligere 5 mill, då menneskeskapte klimautfordringar og tap av natur og artsmangfald er vår tids største utfordring.

#### **12. Friluftsråd**

Fylkestinget meiner at marin forsøpling og plast i havet er ein av vår tids største utfordringar- Fylkestinget ønskjer å bidra til ein stor auke i oppryddinga av kysten vår, gjennom styrka bidrag til våre to friluftsråd.

#### **13. Nullutslepp**

Fortsatt jobbe mot statlege myndigheter for at dei skal ta større del av det økonomiske ansvaret for krav om nullutslipp i ferje - og hurtigbåtflåten. Kriteriene for kompensasjon for båtruter må gjennomgå, slik at fylker med hurtigbåtruter kan oppretthalde desse.

#### **14. Trafikksikker fylkeskommune**

Det må være eit mål at Hordaland fylkeskommune startar ein prosess som fører til at fylkeskommunen vert godkjent som trafikksikker kommune innan utgangen av 2019.

#### **15. Innfartsparkering**

Fylkestinget ber om at det vert lagt fram ei sak på brukarbetaling på innfartsparkeringsplassane i Hordaland frå og med 1. august 2019. Fylkestinget ønskjer å prioritera vidare utbygging av innfartsparkering for sykkel.

#### **16. Sykkelby - og bygder**



Fylkestinget ønsker at flere kommunar vert sykkelby og -bygder, og ber om at det vert lagt fram ei sak om fordelsprogram av at flere kommunar vel satsa.

Endring driftsbudsjett	Inntekter	Utgifter
havbruksfond	20,00	
disposisjonsfond	15,00	
reduisert innsats handlingsprogram for innfartsparkering	0,70	
Innfartsparkering brukarbetaling	8,70	
Konsesjonskraft	4,00	
Auka skatteanslaget	5,00	
Reklameinntekter bussskur, mm	5,00	
Sum	58,40	
Endring driftsbudsjett		
Kultur		
konsolidering av bergen sjøfartsmuseum og museumvest		0,26
kraftmuseum		0,10
det akademiske kvarter		0,10
fyllingsdalen teater		0,05
bømlo teater		0,05
kristenretten		0,10
friluftsrådet vest		0,80
bergen og omland friluftsråd		0,80
geopark sunnhordland/Moster		0,30
Samferdsle		
ølen fjellbergøy borgundøy		1,45
båtruta reksteren våge os		1,85
innfartsparkering		
styrking vegvedlikehald av fylkesvegar		10,00
gratis buss fram til skulestart		1,00

Takst frys på alle bussprisar		19,70
styrka ruteproduksjon i heile Hordaland		10,00
Oppstart Planarbeid Gang- og sykkelveg Litlabøvegen		0,40
klimaplan for hordaland		5,00
Ferje Valestrand Breistein		0,85
<b>Oppvekst og helse</b>		
Manger Folkehøgskule		1,00
Helsesenter for papirløse		0,29
helsesøstre		2,00
Nedtrekk TK Vest/forskning	1,0	
Helseforebygging, Meningekokkvaksine for alle for 1. og 2. klasse, omlegging slik at 1. klasse får årlig		3,30
<b>Endring i høve rådmannen sitt oppr. budsjett</b>	1,00	59,40
<b>Endring driftsbudsjett</b>	<b>Inntekter</b>	<b>Utgifter</b>
Sum drift	59,40	59,40

<b>Oppvekst og helse</b>		
Manger Folkehøgskule		1,00
helsesøstre		2,00
Nedtrekk TK Vest/forskning	1,0	
Helseforebygging, Meningekokkvaksine for alle for 1. og 2. klasse, omlegging slik at 1. klasse får årlig		3,30
Helsesenter for papirløse		0,29
<b>Endring driftsbudsjett</b>	<b>Inntekter</b>	<b>Utgifter</b>
<b>Sum drift</b>	<b>59,40</b>	<b>59,40</b>

**Natalia Golis (MDG)** sette fram slikt forslag:

### Budsjettframlegg 2019 frå MDG: Eit berekraftig Hordaland

<b>BRUK AV HAVBRUKSFOND</b>	
Trafikksikringstiltak, fylkesveier	10.000.000

